



BRUFEST PÅ SJERNARØY: Finnøy-ordfører Kjell Nes på talarstolen under opninga nyleg av den nye Sjernarøybrua. I innlegget gjer han nærare greie for tankane sine om framtida. (Foto: Fredrik Refvem)

Slik vil eg gjera, Persett

DEBATT



Kjell Nes,
ordfører i Finnøy

«SLIK VIL EG GJERA», skriv Alfred Hauge i Perlemorstrand, «eg skaper ei ny øy». Det var frå den boka biletet om urtidssdyra som er i sig, var henta til opningstalen min ved opninga av Sjernarøybrua. Når Torgeir H. Persett utfordrar meg (Aftenbladet 19. mai), gir det meg eit godt høve til å seia: «Slik vil eg gjera». For sjølv om ein er ein liten gardbrukar, «småbrukeren fra Ombo», som Persett kallar meg, er det faktisk mogleg å ha store tankar.

For det fyrste: Ved rulleringa av transportplanen for Ryfylke ynskjer eg å få avklara kva sund og fjordarmar som må vera opne, og kor ein kan stengja. Dette vil gi høve til langsiktig planlegging av sambinding av øyar i Boknafjorden.

Eg ynskjer òg å få eit prinsippvedtak i transportplanen om at ferje- og båtavløysingsmiddel ikkje skal flyttast ut or kommunen før avløysinga er fullført og betalt.

Så er eg svært positiv til det fylkeskommunen gjorde i vedtaket om Sand-

sfjord bru, der dei seier at ferjeavløysingsmiddel kan brukast i inntil 40 år. Det er 10 år lengre enn det Nasjonal transportplan legg opp til. I prinsippet treng ein ikkje setja grensa der heller, meiner eg.

I TILLEGG VIL EG peika på vår eigen del i finansiering av vidare utbygging i kommunen vår. Der ynskjer eg at me i samband med samfunnsdelen av kommuneplanen skal samla eit breitt fleirtal for å seia: Når Finnfast er betalt, skal bommen på Hanasand gjerast om til ein bomring for Finnøy kommune. Då kan bomavgifta kanskje setjast til eit ferjenivå eller liknande. Desse pengane skal gå til finansiering av vidare utbygging til Fogn, Sjernarøyane og Ombo.

Dette er dei store og langsiktige tankane mine. Sume vil vel seia at dei er

Eg ynskjer å få eit prinsippvedtak i transportplanen om at ferje- og båtavløysingsmiddel ikkje skal flyttast ut or kommunen før avløysinga er fullført og betalt.

urealistiske. Men det same kunne vore sagt både om Rennfast og Finnfast for 30-40 år sidan. Alternativet er ferjer og båtar så lenge folk bur på desse øyane. Det er ein aukande kostnad. Berre i dag kostar Finnøysambandet om lag 40 millionar kr i året. Og ser ein dette i eit 40-års perspektiv, kan henda med inflasjon, vert det mykje pengar av det.

Eg trur at Finnøysamfunnet vil visa at me vil dette, stå saman, og lyfta og utvikla kommunen vår i flokk. Dei som i dag har fått fastlandssamband, veit òg at utan at innbyggjarane i heile kommunen hadde stått bak, ville ferje til «evig tid» vore løysinga for dei og.

PERSETT HAR ULIKE FORSLAG til ferjefrie øyar i Boknafjorden. Han meiner òg at tunnelmasse alt no må tingast. Eg er ikkje så opptatt av kvar kryssingane går, heller ikkje om det er over eller under fjord og sund. Men det er ei løysing som Persett ikkje nemner: Flytebruer i skjerna sund. Eg kjenner til at ingeniørar i Vegvesenet godt kunne tenkja seg å arbeida meir med slike løysingar. Det finn eg svært interessant, men til slutt må nok dei rimelegaste løysingane veljast kor som er.

Men det viktigaste no er å tenkja langsiktig og byggja kloss på kloss for å kunna koma vidare.